

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

I samband med RS 96/15 "Nye busskontraktar for rutepakkane Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal - orientering om kontraktane og gjennomføring av konkurransen" hadde **Benthe Bondhus** slik kommentar:

"Syner til møtebok frå SAMU 06.06.2015. Samferdelsutvalet ber fylkesrådmannen leggja fram for politisk handsaming ulike alternativ som gjer at tenestetilbodet på linje 766, Rosendal-Matre-Åkra vert oppretthalde.

I møteboka står også; Nytt frå Skyss. Kombibussruta til Matre-Åkra er teke ut av rutetilbodet.

Fylkesordføraren opplyste at saka kjem attende til behandling over ferien."

Fylkesordføraren stadfesta at det vil verte lagt fram sak i neste fylkesutval.

I samband med RS 97/15 "Svar på spørsmål om elbilar og bompengeinntekter" sette **Mona Hellesnes** på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Ber om at oversikten over estimert tap av bompengar grunna elbil blir lagt fram på nytt med informasjon om samla bompengeinntekter pr. samband og at det framgår at det er tal elbil-passeringar, ikkje tal elbilar som inngår i oversikten."

Hellesnes sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 105/15 "Oversikt over innkommande høyringar juni 2015" sette **Mona Hellesnes** fram slik protokollmerknad:

"Endringane i energiloven fremma av Olje- og energidepartementet vil få store konsekvensar for mange av energiselskapene i Hordaland. Ei så viktig lovendring for vannkraftfylket Hordaland burde vore lagt fram for politisk handsaming av høyringsuttale."

I samband med RS 107/15 "Orientering om stans i utvikling av nettbutikkloysing for kollektivreisande" spurte **Nils-Olav Nøss** om kva arbeidet med nettbutikk har kosta fylkeskommunen sidan 2007. Direktør i Skyss, Oddmund Sylta, svarte at det er vanskeleg å talfeste dette fordi fleire element frå arbeidet med nettløysinga er teke med i arbeidet med å utvikle nye løysingar for mobil.